

Fleire søkte om banktilskot**15.12.2010**

Vi gav i førre veke skryt til Uskedalen Utvikling som søkte om kulturpengar frå Sparebank 1 Kvinnherad Sparebank.

Laget fekk 50.000 kroner til fornying av kjøkenet i Gamleskulen.

Men kva så med dei andre laga i Uskedalen?

Kvífor nyttja ikkje andre lag sjansen for å søkja på bankmidlar?

Eller søkte kanskje andre lag? spør vi om.

Det rette er at mellom anna Uskedal Skulemusikklag også søkte om midlar til instrument. Og det var akkurat søknader til prosjekt eller til øyremerkte ting søkerne skulle gjelde.

No i ettertid er det klart at Skulemusikken ikkje fekk midlar av banken. Kanskje var andre Uskedalslag i same båt - søker, men inga støtte?!

Moralen i førre og denne vesle notisen er at med dei store utgiftene enkelte lag har til drift og fornying av utstyr, må leiarane vera vakne og senda inn søkerne til der det kan vera pengar å henta.

Neste søkerfrist er 15. februar - kommunale kulturmidlar til lag og organisasjonar!! På framlegget til budsjettet imorgon står det at kommunen har 600.000 kroner til dette arbeidet.

t-